



# VINJE

OLE EVEN NORDBØ  
Åmotvegen 16B  
3890 VINJE

Dato: 08.12.2025  
Vår referanse: 2022/1561-110  
Sakshandsamar: Erland Tveiti

## 77/5 - Vedlegg til endringsløyve

Det vert gjeve løyve til endringa av tilkomst frå Kilsvegen og inn til den nye bustaden på Grungedal 73.

Det har vore møteverksemd mellom tiltakshavar, kommunen og naboar i haust. Det for å drøfte handteringa av overvatn frå tunet med ny tilkomst til det nye bustadhuset. Forslaget om vasskummar og grøft frå oppsida og nedsida av Kilsvegen, for å lede det til sørvest av huset, vil vere ei løysing som ikkje vil vere sikker i høve mengde av vatn og dagens situasjon. Det med tanke på vasstilhøve der frå før og etablerte avlaupsgrøfter i området.

Eit siste forslag frå tiltakshavar er elektrisk pumpe frå kum for å lede vatnet som kjem frå den gamle tilkomsten og ned til bustadhuset. Vatnet frå dette området vil bli pumpa ut mot sørvest side av huset. Delar av gardsplass og Kilsvegen i dette området vil la overvatnet gå inn på jordet på nordsida av Kilsvegen.

Vinje kommune godkjenner det siste forslaget. Etter sakshandsamars vurderingar kan ein sjå på området på nordsida av Kilsvegen som eit sikkert område å lede desse små mengdene overvatn. Det vil vera ei god løysing å lede vatnet frå delar av gardsplass samt vegen til dette området. Jordet her er til tider vassjukt etter store nedbørsmengder, men dei små mengdene med overvatn som vert tilført ved denne løysinga, kan ein ikkje sjå at vil skape noko meir problem for eigedomane sør for tiltaksområdet. Vatnet vert fordøya og infiltrert før det renn vidare.

Med helsing

Erland Tveiti

*rådgjevar byggesak*

Gry Åsne Aksvik

*kommunalsjef økonomi og samfunn*

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:  
OLE EVEN NORDBØ